



Statens vegvesen

LINDÅS KOMMUNE

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
19/146697-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
04.10.2019

Uttale – Dispensasjon – Byggegrense – Oppføring av garasje – Fv. 5456 (tidl. fv. 393) – Gnr. 239 bnr. 119 Eknes ytre – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 13.09.2019.

Kva saka gjeld:

Søknaden gjeld dispensasjon frå byggjegrense langs fv. 5456 for oppføring av garasje på gnr. 239 bnr. 119 i Lindås kommune.

Eigedomen er regulert til bustad jf. reguleringsplan *Eknes ytre. Gnr. 239 del av bnr. 2 m.fl.*
Det er difor Lindås kommune som skal handsame ein slik søknad.

Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. plan og bygningslova § 19–2. Vi har også klagerett i slike saker.




Fig: Situasjonskart som viser omsøkt garasje.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Uttale:

Byggjegrensa langs veg skal ivareta trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og årsdøgertrafikk er 350 ÅDT. Strekninga er klassifisert til *Haldingsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkjørsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 – 2020)*.

Byggjegrense satt i reguleringsplanen er 15 meter. Den omsøkte tomta ligg i eit kryssområde mellom fylkesveg og privat veg. Det er oppgitt at tiltaket ligg 11,5 meter frå vegmidte til fylkesvegen og om lag 7 meter frå skulder til fortau langs fylkesvegen.

Fylkesvegen er smal på gjeldande strekning. Det er ikkje samanhengande tilbod til mjuke trafikantar, men det er bygd eit fortau langs fylkesvegen forbi planområdet. På sikt må ein rekne med at det vert behov for utbetring både av fylkesveg og fortau. Det er difor viktig å oppretthalde tilstrekkeleg areal langs vegen til dette føremålet.

Søknaden er grunngjeve med at tomta ligg vesentleg lågare i terrenget enn fylkesvegen, og at garasje ikkje vil ta sikt langs fylkesvegen eller i krysset ved den private vegen. Det er og vist til at det vert etablert snu- og manøvreringsareal på eigen tomt.

Etter ei konkret vurdering av forholda på staden meiner vi omsøkte plassering av garasje kan aksepterast. Vi ber om at omgrepet «ny byggjegrense» ikkje vert nytta, fordi dispensasjonen berre gjeld dette konkrete tiltaket.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeleiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.